

Oppdragsgjevar:

Oppdragsnr.: 5210114 Dokumentnr.: 1

**Til:** Austrheim kommune

**Frå:** Sindre Eikenes

**Dato**

## ► Varsel om oppstart

I samsvar med Plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3, 12-8, 12-9, 14-2 og Forskrift om konsekvensutgreiing vert det varsla om oppstart av detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka, del av gnr. 161 og gnr. 160, i Austrheim kommune (planid 2021003). Planprogram vert samstundes lagt ut til offentlig ettersyn og sendast på høyring.

### 1. Reguleringsplan

#### 1.1 Grunneigar

Norconsult AS gjennomfører planarbeidet for Odd Haugen AS

#### 1.2 Planområdet

Næringsområdet til planarbeidet femnar om eigedom gbnr. 161/7, 161/74, 161/71 og 161/8. Vegtilkomst til planarbeidet femnar om eigedom gbnr. 160/128, 160/11, 160/5, 160/1, 160/4, 160/3, 161/6, 161/5 og 161/3, 10.

#### 1.3 Planstatus

Kommunestyret vedtok kommuneplanens arealdel for Austrheim kommune (Arealplan-ID: 1264\_2013001) den 11. april 2019. I arealdelen er eigedomane innanfor næringsområdet til planarbeidet, samt nordlege del av vegtilkomst (definert ovanfor) sett av til føremålet næring (N18) og hamn (H). To mindre områder i austlege og sørvestlege del av næringsområdet, samt resterande areal av føreslege vegtilkomst er i kommunedelplanens arealdel sett av til landbruk-natur og friluftsføremål (LNF). Planområdet er ikkje tidlegare regulert. Hovudmålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å regulere arealet til næringsføremål for å utvikle arbeidsplassar og nye næringar til det grøne skiftet som mellom anna er prioritert satsing i Vestland fylkeskommune sin utviklingsplan. Området er på omtrent 500 daa. Utgreiing av aktuelle utbyggingstiltak pågår. Noverande framlegg er å nytte området til landbasert oppdrett eller andre former for tilknytte næringar innan havbruk, blågrøn profil, grønn industri avfall/slamhandsaming/biogass, forproduksjon, og/eller desaltingsanlegg. Tiltakshavar ser føre seg ei trinnvis utbygging ved å ta i bruk eige areal først. For å bevare landskapet mot sjøen er ønska løysing å etablere ei lagune/sprengje seg inn i området og etablere kai.

Planframlegget vil ikkje vere direkte tiltaksretta, men legg rammar for seinare tiltak. Planen er føresett å vere avklarande i høve arealbruk og naudsynte arealbruksavklaringar vert gjort gjennom planprosessen.

Oppdragsgiver:  
Oppdragsnr.: 5210114 Dokumentnr. 1

Planen med tilhøyrande dokument vil femne om:

- 1) Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova.
- 2) Planomtale som klargjer innhald og planen sine vesentlege konsekvensar i høve til miljø, samfunn og røyrdede partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- 3) Planprogram som gjer greie for føremålet med planen, planprosessen, medverknad, alternativ og behov for utgreiingar i samsvar med § 4-1 i plan- og bygningslova.
- 4) Konsekvensutgreiing som skal identifisere og beskrive faktorar som kan bli påverka, og vurdere vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal også beskrive dei tiltak som er planlagt for å unngå, avgrense, istandsette og, dersom mogleg, kompensere for vesentlege skadeverknadar for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- 5) Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova

Planområdet er vurdert til å verte fanga opp av verkeområdet til Forskrift om konsekvensutgreiingar vedlegg I, som legg føring på at planprogram og konsekvensutgreiing skal utarbeidast. Formannskapet i Austrheim vedtok med visse justeringar å legge planprogrammet ut på høyring i møte 12.05.2022, saksnr. 046/22. Justeringane er innarbeidde i planprogrammet.

## 2. Merknadar/uttaler til oppstart av planarbeidet

For nærmare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Arne Kringlen  
mob. 95 117 875  
e-post: Arne.Kringlen@norconsult.com

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS  
v/Arne Kringlen  
Postboks 514  
6803 Førde

**Frist for å sende inn merknadar er sett til 15. august 2022.**

Oppdragsgiver:  
Oppdragsnr.: 5210114 Dokumentnr. 1

### 3. Vidare saksgang


Planarbeidet er i oppstartsfasa. Vi er i gong med å registrere og samle inn opplysingar for planarbeidet. Målet er å oversende planframlegget til Austrheim kommune for handsaming mot slutten av 2022. Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredsstillande. I samband med gjennomføring av offentleg ettersyn, er det mogleg å sette fram merknadar til planframlegget som vil bli vurdert av kommunen i samband med den vidare handsaminga av planen.

### 4. Vedlegg

1. Oversiktskart av planområdet
2. Utsnitt av gjeldande arealdel til kommuneplanen (2019-2029)
3. Gråtonekart med planavgrensing, eiendomsgrenser og reguleringsplanar i området.
4. Topografisk norgeskart med planavgrensing og eiendomsgrenser
5. Ortofoto med planavgrensing og eiendomsgrenser
6. Referat frå oppstartsmøte (eige vedlegg)
7. Planprogram (eige vedlegg)
8. Naturmangfald og kunnskapsgrunnlag til konsekvensutgreiing (eige vedlegg)
9. Vedtak planprogram, sak 046/22 i formannskapet (eige vedlegg)


Oppdragsgiver:  
Oppdragsnr.: 5210114 Dokumentnr. 1

## Vedlegg 1: Oversiktskart av planområdet




Oppdragsgiver:  
Oppdragsnr.: 5210114 Dokumentnr. 1

## Vedlegg 2: Gjeldende planstatus – kommuneplanen sin arealdel 2019-2029 (heiltrekt svart linje er forslag til planavgrensing)




Oppdragsgiver:  
Oppdragsnr.: 5210114 Dokumentnr. 1

### Vedlegg 3: Gråtonekart med eigedomsgrenser, forslag til planavgrensning og eksisterende reguleringsplanar i området (høgre og venstre del av kartet)




Oppdragsgiver:  
Oppdragsnr.: 5210114 Dokumentnr. 1

## Vedlegg 4: Topografisk norgeskart med planavgrensning og eigedomsgrenser



Oppdragsgiver:  
Oppdragsnr.: 5210114 Dokumentnr. 1

## Vedlegg 5: Ortofoto med planavgrensning og eigdomsgrenser



Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent
---------	------	--------	-----------	----------------	----------

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.